



# POLITIET

HORDALAND POLITIDISTRIKT

SAMNANGER KOMMUNE  
SENTRALADMINISTRASJONEN

SAK NR ..... J NR .....

05 DES 2016

EMNEKODE: .....

OBJEKTkode: .....

SAKSH: .....

GRADERING: .....

## Samnanger kommune

Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

VEST POLICE DISTRICT

Dykkar referanse:  
16/737/16/7280/SØRV/MS

Vår referanse:  
201604756-2 621

Sted, Dato  
Norheimsund, 05.12.2016

## EIKEDALEN SKISENTER AS - BER OM UTTALE TIL SØKNAD OM KOMMUNALT SKJENKELØYVE I PERIODEN 12122016 - 01052017

Lensmannen i Kvam og Samnanger er beden av Samnanger kommune å koma med ein uttale i samband med søknad frå RS Sikkerhet AS v/ Silvia Cadegan om skjenkeløyve for alkohol i Eikedalen skisenter. Skrivet frå kommunen vart motteke her den 22.september 2016.

I søknaden er det opplyst at skjenkeløyvet skulle gjelde i Eikedalen skisenter.

Løyvesøkjjer er oppgitt å vera RS Sikkerhet AS med org.nr. 998752388.  
Kontaktperson er opplyst å vera Silvia Cadegan fnr.081179 frå Fyllingsdalen. Ho er og styrar for skjenkeløyvet.

Stedfortredar for styrar er oppgjeve å vera Kari Nedrebø fnr. 051282 frå Bergen.  
Dagleg leiar for verksemda er oppgjeve å vera Per Øyvind Ekerhovd fnr. 110970 frå Godvik.

### Skjenkearealet

Fredag 2.12.2016 var underteikna på synfaring i Eikedalen skisenter. Under synfaringa på staden samen med Fredrik Tønjum frå Eikedalen skisenter, kom det fram at søknaden om skjenkeløyve var avgrensa til "varmestua". Den er lokalisert lengst sør i anlegget. Dette kjem ikkje i tilstrekkeleg grad fram av søknadspapira. Riktig nok ligg det ved søknaden planteikningar over eit bygg. Det må etter underteikna sitt syn, koma tydelegare fram kor skjenkeområdet eventuelt skal vera og avgrensinga av dette.

Det bør på ingen måte gjelde heile området til Eikedalen skisenter AS, slik underteikna ser det.

### Området sin funksjon

Underteikna ser at saka er av prinsipiell karakter. Spørsmålet vert om ein bør tillata skjenking av alkohol i områder som barn, unge og barnefamiliar nyttar til rekreasjon og sport. I eit førebyggjande perspektiv vil ein reduksjon av alkoholforbruket, gjeva ein helsegevinst. Auka tilgang til alkohol medfører auka misbruk av alkohol.

### **Vest politidistrikt**

Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt  
Post: 5600 NORHEIMSUND  
Besøk: Steinsdalsvegen 104

Tlf: 56 55 35 00  
Faks: 56 55 35 19  
E-post:  
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:  
Giro:  
www.politi.no

På den andre sida vert det meir og meir vanleg med skjenking av alkohol ved slike arena/områder. Det blir etter underteikna sitt synspunkt, eit forretningsmesse spørsmål om kva drivar av Eikedalen skisenter AS ønskjer å fremma for området, og eit politisk spørsmål kva Samnanger kommune tenkjer er naturleg skjer innan for eit området avsett for rekreasjon for barnefamiliar og barn/unge.

#### Skjenketida

Underteikna meiner det er heilt klart uheldig at skjenketida skal vera som omsøkt frå klokka 1000 til klokka 0200 kvar dag for gruppe 1 og 2, samt i tidsrommet 1300 til kl 0100 for gruppe 3.

Dette ikkje minst med tanke på det førebyggjande perspektivet kor området skal vera eit trygt og sikkert rekreasjonsområdet for barnefamiliar, og ikkje minst for barn og unge. I tillegg kjem den ordensmessige utfordringa ved servering av alkohol over eit så langt tidsrom. Det vil erfaringsmesse verta knytt mykje politiresursar til handtering av problem som resultatet av skjenking av alkohol.

#### Innstilling frå politiet

Ut frå ei totalvurdering kor trygghet, sikkerhet og orden saman med ei førebyggjande synsvinkel vert vektlagt, meiner underteikna at det ikkje bør verta gjeve løyve til skjenking av alkohol i området til Eikedalen skisenter AS.

Dersom Samnanger kommune likevel vel å gje løyve til skjenking av alkohol i Eikedalen, må det setjast klare vilkår for skjenkeløyvet.

Det må koma tydeleg fram kva for eit bygg ein ser for seg skjenkinga skal skje, ei tydeleg avgrensing av skjenkeområdet og at barn og unge ikkje har tilgang til lokala.

Det må reduserast kraftig på tida for servering av alkohol både på dag, kveld og natt. Det kan ikkje vera nødvendig å skjenka frå kl. 1000 til kl. 0200 kvar dag. Aktuelle tidspunkt bør ikkje vera lengre enn 1500-1900.

Underteikna tenkjer at det bør setjast ei prøvetid for ordninga i 1 år med påfølgjande evaluering av eit eventuelt gjeve løyve, før ein gjev nytt løyve.

Det må setjast krav om aldersgrense og politigodkjent dørvakt.

Politiet har ikkje merknader til søkjarane og involverte partar.

Silvia Cadegan fnr.081179 frå Fyllingsdalen

Kari Nedrebø fnr. 051282 frå Bergen.

Per Øyvind Ekerhovd fnr. 110970 frå Godvik.

**Konklusjon frå politiet:**

Med bakgrunn i det som er skrevet framfor, gjev lensmannen i Kvam og Samnanger uttale på at det ikkje vert gjeve løyve til servering av alkohol i området til Eikedalen Skisenter. Dette vert grunngjeve med tryggleiken og sikkerheita i skianlegget, samt dei ordensmessige utfordringane politiet vil kunne få, som følgje av overstadig rusa personar. Ein viktig faktor i denne vurderinga til politiet, er synet på området som eit rekreasjonsområdet for barn og unge, men ikkje minst at barnefamiliar generelt nyttar området i stor grad.

**Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt, 5.12.2016**

  
Terje Sperrevik  
Lensmann

